



Fløysand VA AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3340 - 14/11925

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.08.2014

Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk, gnr. 45, bnr. 36/39

Administrativt vedtak. Saknr: 224/2014

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 05.08.2014, søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gnr. 45, bnr. 36/39 på Vikebø.

Tilknytning skal skje via felles privat stikkledning, som går frå kum ved Skintveitvegen. Denne ledningen vart godkjent etablert 12.12.2013 i sak DNT.462/13. Frå felles kum på den private stikkledningen skal eigedomen leggja eigen ledning fram til fritidsbustaden, slik innsendt situasjonskart motteke 05.08.2014 viser.

Det vart lagt fram erklæring med løyve frå berørte grunneiagarar om rett til å leggja ledning over privat grunn i samband med utsleppssaka.

Det ligg føre solidarisk avtale mellom eigarane av den felles private vassledningen når det gjeld drift og vedlikehald av denne.

Eigedomen har godkjent avlaupsløysing med felles minireinseanlegg, godkjent 07.03.2014 i sak DNT.32/2014.

Vurdering:

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gnr 45 bnr 36/39 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 05.08.2014 på følgjande vilkår:

- * Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- * Alle sanitærinstallasjonar skal følgje ”Standard abonnementsvilkår for vann og avløp” - Kommuneforlaget.
- * Tilknytinga skal skje via privat stikkledning frå kum ved Skintveitvegen. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- * Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- * Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2014 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- pluss mva.
- * Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.
- * Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helene Anette Schive Nylundsveien 36 5162 LAKSEVÅG

Mottakere:

Fløysand VA AS Fløksand 5918 FREKHAUG